



Tor Halvor Halvorsen
Keilevegen 137
5953 FONNES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/5903 - 15/7134

Saksbehandlar:
Lars Kristian Elnes
lars.kristian.elnes@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2015

Førehandsvarsel om pålegg om retting og illegging av tvangsmulkt

Eigedom : Gnr. 125 Bnr. 1
Tiltakets adresse : Kjeilesundet
Eigar av flytebryggje : Tor Halvor Halvorsen

Saka gjeld

Lindås kommune har motteke den 24.07.2015 e-post om forhold som kan vere i strid med plan- og bygningslova 2008 (pbl.) på nemnde eigedom. Forholdet gjeld etablering av flytebryggje og støypt kai mellom naust på eigedommane gnr. 125 bnr. 10 og 1 som vi ikkje kan sjå at det er søkt om.

Flytebryggja ligg på bnr. 1 og vert nytta av eigar av gnr. 10. Tilbakemelding på førespurnad om utgreiing vart gitt den 27.02.2015 av Dagfinn Halvorsen på vegne av eigar av bnr. 10 og flytebryggje Tor Halvor Halvorsen.

Tilbakemelding på førespurnad om utgreiing

Angående kaien vert det opplyst at det vart støypt kant rundt kaien for å hindre at steinar frå kaien ramla ut, og at dette vart utført på 1980-tallet. Det vart også då lagt eit tredekkje oppå steinane. Når det gjeld flytebryggja, vart denne lagt ut på 1980-tallet. Det vert opplyst at det er usikkert om det var søkt om/sendt melding om dette.

Kai

Ut frå dei opplysningane som er gitt, er det utført reparasjon av kai som ikkje vert vurdert til å vere søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Uavhengig av dette, vert tiltaket vurdert til å vere eit lovbrøt «av mindre betydning» som kommunen avstår frå å forfølge, jf. pbl. § 32-1 2. ledd.



Flytebryggje

Vi har undersøkt kommunalt arkiv og kan ikkje sjå at det er søkt eller sendt melding om utlegging av flytebryggje. Kommunen legg til grunn at det er utført utlegging av flytebryggje på eigedomen gnr. 125 bnr. 1, utan at det ligg føre melding/søknad om løyve til tiltak.

Føresegner om søknadsplikt følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK) kap. 4.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må rettast innan 30.04.2015.

Retting må skje ved at flytebryggja vert fjerna. Kommunen må få skriftleg underretting når arbeidet er ført tilbake. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om utlegging av flytebryggje innan gitt frist. Vi gjer merksam på at ein eventuell søknad om tiltak på annan manns grunn krev samstykke frå heimelshavar av eigedomen.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verte avslutta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3. pålegg om tilbakeføring vil i så fall bli gitt i eit særskilt vedtak når tidsfristen er ute.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar, jf. § 32-7. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Med heimel i pbl. § 32-2 gjer Lindås kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av eingongsmulkt og løypande tvangsmulkt, dersom det ulovlege tiltaket ikkje er ført tilbake/retta og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette innan 31.05.2015, jf. pbl. § 32-5. Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsmyndigheitene høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Tvangsmulkt vil i så fall bli gitt i eige vedtak når tidsfristen er ute. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka før det eventuelt vert fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Uttale må vera sendt innan 4 veker frå du har motteke skrivet.

Andre opplysningar

Oppfølging av ulovlege tilhøve utløyser gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune. Gebyr reknast på grunnlag av anvendt tid. Sjå meir om dette på www.lindas.kommune.no.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer: 14/5903.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Lars Kristian Elnes
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi:

Ove Fugelsnes
ove.fugelsnes@fjell.kommune.no